

**Referat 06.12.2021 KKL**

Dok. ref.:	20/11345-115	Møtedato/ Tid:	06.12.2021 08:30
Stad:	Rådhuset og Microsoft Teams	Møtenr.:	
Referent:	Thomas Bekkenes		
Til stades:	Tom Georg Indrevik, Torill Selsvold Nyborg, Rune Landro, Anne Erdal, Stein Inge Stigen, Line Barmen, Bjørg Møllerløyken		
På Teams:	Vigleik Brekke, Silje Haukedal, June Johannesen, Anne-Merete Vabø Haugane		

SAKSLISTE

Punkt til behandling	Beskriving/status/oppfølging	Konklusjon
Juleavslutningar i skule og barnehagar.		KKL oppmodar om at skular og barnehagar tek juleavslutning på dagtid og ikkje saman med føresette på kveldstid. Grunnen til dette er at ein bør prioritera ordinær drift.
Smittevern i skule og barnehage	Fått e-post om smittevern i skule og SFO.	Saka blir følgd opp av kommunalsjef for Oppvekst og skule.
Heimekontor – tolking og praksis	Regional forskrift vedteke av regjeringa 03.12.21: «Påbod om at arbeidsplassar der heimekontor er mogleg utan at det går utover viktige og naudsynte tenester, skal sørge for at tilsette jobbar heimanfrå heile eller deler av uka.»	Vedtak KKL: Kontortilsette som kan ha heimekontor skal ha det, minimum 2 dagar i veka. Tilsette som må vera fysisk til stades for å sikra dagleg drift av nødvendige funksjonar, kan framleis arbeida frå vanleg kontorstad. Einingsleiar må gjera vurderingar for si eining. Av omsyn til sårbare grupper, er tilsette innan kommunalsjefområda Oppvekst og Helse unntatt krav om heimekontor.
Munnbindpåbod	Trenger ein strengare munnbindpåbod lokalt?	KKL oppmodar om bruk av munnbind der ein ikkje kan halde 1 meter, sjølv der det ikkje er påbod om dette allereie.

§22-A vaksinasjon utan timebestilling og utanfor vanleg kontortid	Dette er mogleg allereie i kommunen.	KKL er informert.
Koronasertifikat	Vurdering om innføring av koronasertifikat i Øygarden kommune	KKL er samd med smittevernlegen og kommuneoverlegen om å ikkje innføre koronasertifikat, men dette vert vurdert fortløpande.
Utdeling av hurtigtestar	Det vert levert ut mykje hurtigtestar i innbyggartorga.	KKL er informert.
Leveransar av hurtigtestar	Leveringar av hurtigtestar vert justert nå utifrå folketal i kommunar og ikkje basert på reelt behov rapportert inn frå smittevernlegen og kommuneoverlegen i kommunane. Dette, kombinert med leveringsproblema i Europa grunna høgt smitte kan medføre at ein går tom for hurtigtestar.	KKL er informert.